

# **Heimbygda vår.**

**Ein song til Lenvik.**

**(Tone: Barndomshjemmet)**

**Der Malangenfjorden inn i landet bøyer,  
der i ly av Senja havet stilnar av,  
Gisund seg mot sør langs lyse strender tøyer,  
her i nord ein heim for oss Vårherre gav.  
Her ligg Lenvik, bygda vår, med hus og grender  
mellan bjørkekledde åsar, sjø og fjell.  
Om vi reiser bort, tilbake tanken vender.  
Barndomsheimen her, den minnest vi så vel.**

**Kor: Lenvik, bygda vår, til deg går våre tonar.  
Vel er verda stor, men i deg vil vi bu.  
Må du framgang få, vi i vårt hjarte vonar.  
Ingen annan stad er kjær for oss som du.**

**Ser du midnattsola vest i havet strålar  
med sitt milde skjer i tida kring sankthans.  
Den i fagre leter lette skyer målar.  
Allnaturen kvilar i ein gylden glans.  
Rike er vi ei på gull og pengeskattar,  
men naturen gir oss heile hugen full  
av ein rikdom som vi nesten ikkje fattar.  
Himmelen har purpur, pærlemor og gull.**

**Lang og mørk er vinteren i polarnattens skygge,  
mange veker er det ingen sol å sjå,  
men i hus og ly vi endå kan ha hygge  
om den kalde vind med fokk og snø tar på.  
Og når månen seglar stor blant stjernevrimmel**

**og fortryllar skog og mark ein vinterkveld,  
og eit nordlys logar kvitt på høge himmel,  
er vår bygd oss kjær og vakker likevel.**

**Du har løynde minne ifrå farne tider,  
då ein Ottar segla på si ferd mot nord.  
Ifrå saga grå du voks deg fram omsider  
og gir heim for folk i fred på fedrejord.  
Denne jord skal vi i tru og arbeid dyrke,  
og på sjøen vil vi streve for vårt brød.  
Måtte vi i tru og samhald vinne styrke  
og i strev for folk og land gi all vår glød.**

**Herolv Olsen.**

**Kilde: Senjens Blad 24.05. 1955.**